

9. PLAN OG NÆRING

9.1 INNLEIING

9.1.1 Rammer og budsjettreglement

Plan og næring disponerer driftsmidlar som fylkeskommunen set av, og regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet. I budsjettsamanheng er det i praksis lite som skil desse finansieringskjeldene. KRD-midlane er overførbare frå det eine året til det andre, og vi må følgje eit eige regelverk og rapporteringssystem.

Sektoren vart frå 2011 delt i 3 programområde. Oversynet nedanfor syner dei samla regionale utviklingsmidlane som står til rådvelde for programområda innan plan og næring i 2012-2015.

Programområde	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
40 Hovudutvalet - til disposisjon		1,750	2,200	4,000	5,500	5,500
42 Næringsretta satsingar	102,195	97,955	97,355	97,555	95,755	92,355
45 Plan og samfunnsutvikling	20,980	22,080	21,440	21,590	20,690	20,690
Sum	123,175	121,785	120,995	123,145	121,945	118,545

Disponible midlar til HPN på programområde 40 femnar om innsats innan begge programområda (både næringsretta satsingar, og plan og samfunnsutvikling). I tillegg ligg det inne ein pott til satsingar innan det samla budsjettet.

Skjønnstilskot frå KRD til kommunale næringsfond og omstilling vert tilført sektoren plan og næring og det nemnde føremålet.

I budsjettreglementet står følgjande om hovudutvala/hovudutval for plan og næring (HPN):

- 4.4.1 Hovudutvala kan – for kvart programområde – endre fordelinga på tenester. Fordelinga må tilpassast evt føringer som ligg FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.

Hovudutvala får fullmakt til å disponere/fordele avsette utviklingsmidlar.

- 4.4.2 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eigne sektorar etter 1. og 2. tertial. Dette gjeld likevel ikkje for verksemder der det er inngått driftsavtaler.

4.4.4 Hovudutval for plan og næring (HPN)

- HPN får, innan dei rammer og føringer som ligg i budsjettet og dei bindingar som tidlegare er vedteke, fullmakt til å ta stilling til den endelege fordelinga av dei regionale utviklingsmidlane.
- HPN får, innan dei rammer og føringer som ligg i budsjettet, fullmakt til å vedta bestillardokumentet til Innovasjon Norge.
- HPN får, innan dei rammer og føringer som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for tilskot til landbruk, friluftsliv, hjorteviltiltak og lokale viltiltak.



9.1.2 Målekart

Det er fastsett overordna målekart for fylkeskommunen, som eit ledd i arbeidet med utvikling av eit styringssystem. Med bakgrunn i det overordna målekartet er det laga målekart for sektoren plan og næring.

Målekartet vil bli teke inn seinare i budsjettprosessen, og utarbeida med bakgrunn i hovudutvalet sine prioriteringar i september.



9.2 BUDSJETTPROFIL

Her kjem det på ei seinare tidspunkt inn eit kapittel som er felles for alle sektorar. Sektoren sine prioriteringar gjennom sak i september vert drøfta opp mot felles strategiar for å nå målsetningane til fylkeskommunen. Matrisa frå sak i juni vert også ein del av dette.

Dei tre overordna strategiane for å nå fylkeskommunen sine målsetjingar er;

- *Forsterking* – strategiar for å styrke dei områda fylkeskommunen ynskjer å oppretthalde innafor dagens oppgåveportefølje.
- *Omstilling* – strategiar for å vidareutvikle og effektivisere dagens oppgåveportefølje
- *Innovasjon* – strategiar for å utvikle ny kunnskap som grunnlag for å underbygge rolla som regional utviklingsaktør og vidareutvikle fylket.

Samhandle	Forsterke = meir	Innovasjon = ny	Omstille = endre
Den fylkeskommunale drifta	Auka verksemdstyring og internkontroll. Betre bestillarkompetanse	Ny bruk av IKT Nye krav ved kjøp av varer og tenester	Meir medveten om rolla som utviklingsaktør vs sektoreffektiv. Meir heilskapstenking
Partnarskapen Den frivillige sektoren Næringslivet	Meir fokus på kunnskapsintensivitet og verdiskapingspotensial. Utnytte naturgitte fortrinn Auka samarbeid med org med viktig komplementær kompetanse	Ta ei tydleg <u>leiarrolle</u> i partnarskapen.	Målrette økonomisk støtte mot regional verdi/effekt Endre rolla frå økonomisk kasse til politisk kapital og kompetanse
Kommunane	Styrke kommunane sitt eige strategiske arbeid Styrke kommunane si operative rolle	Ny dialog om samfunnsmessige konsekvensar av lokale vedtak	Bygge ned prosjektfokus og erstatte med utviklingsavtalar

9.3 PROGRAMOMRÅDE 4 - - - PLAN OG NÆRING

9.3.1 Budsjett fordelt på programområde

Fra 2011 vart sektoren delt i tre program- og 11 tenesteområde. Dei økonomiske rammene for sektoren vert fordelt på programområde slik:



Programområde	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
40 Hovudutvalet - til disposisjon		1,750	2,200	4,000	5,500	5,500
42 Næringsretta satsingar	102,195	97,955	97,355	97,555	95,755	92,355
45 Plan og samfunnsutvikling	20,980	22,080	21,440	21,590	20,690	20,690
Sum	123,175	121,785	120,995	123,145	121,945	118,545

Programområda vert fordelt på tenesteområde slik:

Tenesteområde	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Hovudutvalet til disposisjon						
Hovudutvalet til disposisjon		1,750	2,200	4,000	5,500	5,500
SUM	1,750	2,200	4,000	5,500	5,500	5,500
Næringsretta satsingar						
Bedriftsretta satsingar (IN)	41,700	41,700	41,700	41,700	41,700	41,700
Bransjeretta satsingar	16,700	15,850	16,050	15,850	12,450	
Kommunalt næringsutviklingsarbeid	29,430	29,430	29,430	29,430	29,430	29,430
FoU og innovasjon	3,950	4,400	4,400	4,400	4,000	
Andre tilretteleggande nærmingstiltak	6,175	5,975	5,975	4,375	4,375	
SUM	97 955	97 355	97 555	95 755	92 355	
Plan og Samfunnsutvikling						
Planlegging, stadutvikling og fornyning	11,430	10,730	10,880	10,880	10,880	
Miljø og ressursforvaltning	2,900	3,200	3,200	2,300	2,300	
Folkehelse og livskvalitet	5,350	5,350	5,350	5,350	5,350	
Ungdom	1,500	1,500	1,500	1,500	1,500	
Internasjonalt arbeid	0,900	0,660	0,660	0,660	0,660	
Sum	22,080	21,440	21,590	20,690	20,690	

Deler av budsjettet ligg fast som følge av bindingar, der fylkeskommunen har forplikta seg gjennom vedtak og/eller avtalar. Bindingane for resten av økonomiplanperioden kjem fram i eige kapittel om planperioden 2013-15, der bindingane for 2012 også kjem fram.



9.3.2 Programområde 40 fordelt på tenesteområde

Tenesteområde 4001 – hovudutvalet til disposisjon

Tenesteområde	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Hovudutvalet - til disposisjon		1,750	1,000	1,000	1,000	1,000
Ufordelt kommunekanal/fk eigendel			1,200	4,000	5,500	5,500
Ufordelt innsparingskrav				-1,000	-1,000	-1,000
Sum		1,750	2,200	4,000	5,500	5,500

Disponible midlar HPN

Det vert sett av 1 mill kr som HPN kan disponere. Midlane er disponible mellom anna til søknader om støtte til diverse prosjekt og tiltak. Det er ein føresetnad at midlane skal nyttast til å bygge opp under prioriteringane innanfor eksisterande satsingsområde i programområde 42 og 45, og at midlane ikkje skal nyttast til varige tiltak.

I 2012 er det sett av 1,2 mill. kr. til satsingar innan “kommunekanal” og fylkeskommunal eigendel, desse skal kunne nyttast innan etablerte satsingsområde i det samla budsjettet. I 2012 vert desse midlane i heilskap nyttta til fylkeskommunal eigendel. Utover i økonomiplanperioden aukar summen av satsingsmidlar som er disponible for alle sektorar. Fylkeskommunal eigendel bør også ha prioritet vidare i økonomiplanperioden.

Sektoren sine innsparingskrav er fordelt for 2012 medan det står att 1 mill kr å fordele for åra 2013 – 2015.

9.3.3 Programområde 42 fordelt på tenesteområde

Tenesteområde 4201 - bedriftsretta satsingar

Tenesteområde	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Rammeløyving til Innovasjon Norge	46,000	41,700	41,700	41,700	41,700	41,700
Sum	46,000	41,700	41,700	41,700	41,700	41,700

* Inkludert i rammeløyvinga er tilskot til NyVekst, og inkubatorstipend i regi av Innovasjon Norge.

Tilretteleggande tiltak innan mellom anna design, leiarutvikling og Navigator (EXPO) skal også dekkast innanfor ramma.

I samband med disponering av utviklingsmidlane må ein finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen sjølv tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge/IN (lån, tilskot og etablerarstøtte). I tillegg må fylkeskommunen vere tydelege på kva aktivitet av tilretteleggande karakter vi ynskjer skal verte gjennomført av Innovasjon Norge. Det er også svært viktig å koordinere innsatsen i dette budsjettet med midlar forvalta gjennom INU-FSF (foreininga som forvaltar midlar til kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift i Førde, Sogndal og Flora).



Den bedriftsretta satsinga må også sjåast i samanheng med trønget for å ha spennande arbeidsplassar, ikkje minst med tanke på at unge menneske med god utdanning skal satse på ei framtid i fylket. Det er også viktig at karrieremogleheitene i fylket er godt kjent, dette heng ikkje minst saman med Framtidsfylket sitt arbeid.

Rammeløyving Innovasjon Norge

Innovasjon Norge har peika på at den samla bedriftsretta satsinga gjennom dette budsjettet og frå INU-FSF er for låg. Rammeløyvinga gjennom dette budsjettet vert halde på same nivå som i 2011, men det vert lagt opp til at ein større del av midlane frå Kap. 551, post 61 (INU-FSF) skal øyremerkast bedriftsretta støtte gjennom IN.

Det er viktig med ein god miks av tilretteleggande tiltak og bedriftsretta tiltak. Dei overordna føringane for arbeidet i 2012 vert lagt i dette budsjettet. Det vert føresett at Innovasjon Norge innafor gjevne rammer tilpassar seg prioriterte satsingar gitt av fylkeskommunen her.

Prioriterte næringar i fylkeskommunen sitt budsjett skal vere styrande også for Innovasjon Norge. Av prioriterte føringar for Innovasjon Norge i 2012 kan vi nemne;

- Reiseliv, særleg opplegg for finansiering av anlegg
- Fornybar energi, førebuing til Arena-søknad
- FoU, aukande bruk av FoU i næringslivet
- Kunnskapsintensiv verksemnd
- Marine næringar
- Omstillingsarbeidet i kommunane

Innovasjon kan like gjerne kan skje i tradisjonelle bransjar og verksemder som i nye og teknologibaserte. Det er viktig å ha sterkt fokus på entreprenørskapsarbeidet, samt bidra til vekst i eksisterande næringar.

Talet på arbeidsplassar innafor kunnskapsintensive og kreative tenesteytande næringar skal aukast. Skal fylket lukkast med dette, må det fokuserast sterkare på ein del vekstsentrar og næringsklynger. Innovasjon Norge må til liks med fylkeskommunen sette innsats og midlar inn der dette vil gje størst effekt, og der resultatet vil ha verknad for eit større bu- og arbeidsområde.

Innovasjon Norge vert tildelt 41,7 mill kr i 2012. Inkludert i dette er løying til NyVekst, inkubatorstipend, og tilretteleggande satsingar innan design, leiarutvikling og Navigator (EXPO).

I tillegg kjem deler av ramma gjennom Kap. 551, post 61 (INU-FSF). Denne prosentsatsen skal endeleg fastsettast av hovudutval for plan og næring når ramma for post 61 i 2012 er kjend. Midlar som vert tildelt Innovasjon Norge og som ikkje vert nytta i løpet av året, kan trekkast tilbake og tildelast INU-FSF.

Det vert føresett at Innovasjon Norge tilpassar seg prioriterte satsingar gitt av fylkeskommunen i denne saka. Desse vert utdjupa i eiga sak og tilsegnsbrev. Her vil det også kunne bli gjort fordelingar innanfor ramma.



Fjord Invest Såkorn AS

Fylkestinget har gjennom eigarmeldinga vedteke at fylkeskommunen kan bruke eigarrolla si aktivt til å bidra til næringsutvikling i fylket. Fylkeskommunen vert også frå tid til annan utfordra til å delta med eigenkapital i ulike selskap. Slik vi vurderer det, er det utfordrande for fylkeskommunen å gå direkte inn med eigenkapital i verksemder som ikkje har eit offentleg eller infrastrukturelt føremål. Det er også tvilsamt om fylkeskommunen har fagleg kompetanse til å opptre som profesjonell eigar i ei rekke private selskap. Fylkeskommunen har likevel som regional næringsutviklar, tidvis trong for å kunne tilby ordningar som inneber høve til å tilføre eigenkapital til bedrifter.

Gjennom aksjemajoritet i Fjord Invest Såkorn kan selskapet vere ein del av fylkeskommunen sitt verkemiddelapparat i slike saker.

Kompensasjon for differensiert arbeidsgjevar avgift (INU-FSF)

Det er viktig å sikre ei betre samordning av kap 551, post 60 (plan og næring sitt budsjett) og 61 (midlar no forvalta gjennom INU-FSF). Målet må både vere eit mest mogleg oversiktleg verkemiddelapparatet for søkerar og andre, og at ein sikra eit best mogleg samordning og effekt av innsatsen innan regional utvikling.

Midlane løyvde gjennom post 61 og 60 er i stor grad overlappende med unnatak for den geografiske innrettinga. Det må framleis gjerast ein jobb for i større grad å samkøyre planprosessar og tildelingar frå ulike aktørar og verkemiddel. Fylkeskommunen har ansvaret for all forvaltning innan 61-posten, mellom anna å sikre ei god sakshandsaming og kopling med strategiar og mål i fylket. Det er framleis viktig med ei brei involvering frå næringslivet og det vil difor vere eit eige styre for INU-FSF ut 2013. Etter 2013 er det usikkert korleis ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vil vere.

Hovudutval for plan og næring godkjente i sak 28/11 handlingsplanen for INU-FSF for perioden 2011-2013, handlingsplanen er å sjå på som eit budsjett då INU-FSF ikkje har høve til å gjere løyvingar som vil binde opp seinare budsjett.

INU-FSF har no dreia innsatsen sin meir og meir vekk frå det bedriftsretta. Fylkeskommunen legg vekt på målet med 61-posten om få til ei brei næringsretta satsing i det aktuelle området, noko som er i tråd med KRD sitt tildelingsbrev. I ei brei næringsretta satsing må det inngå både ei bedriftsretta satsing gjennom Innovasjon Norge og bruk av tilretteleggingsmidlar. Frå 2012 vil difor ein større del av midlane frå post 61 bli forvalta direkte av IN. Hovudutval for plan og næring kan gjere endringar i dette avhengig av rammeløyving frå KRD

Også midlar til reiselivssatsing, regionhamn i Florø og ny tribune på Fosshaugane Campus vert halde utanom rammeløyvinga til INU. Desse midlane er også i dag forvalta av fylkeskommunen.

Tildelingsbrev for 2012 og 2013 vert formulert ut frå fylkeskommunen sitt budsjett, og føringar frå Kommunal og regionaldepartementet.

Tilskotet til INU-FSF inngår ikkje i dette budsjettet.



Tenesteområde 4202 – bransjeretta satsingar

Tenesteområde 4202	R 2010	B 2011	Bud 12	B 2013	B 2014	B 2015
Reiseliv	10,900	11,200	10,800	10,600	7,200	
Mat, marin næringsutvikling og landbruk landbruk	2,800	2,250	2,250	2,250	2,250	
Næringsretta energisatsing	1,500	1,500	1,500	1,500	1,500	
Industri	1,500	0,900	1,500	1,500	1,500	
Breiband*	-	-	-	-	-	
Sum	16,700	15,850	16,050	15,850	12,450	

*Dekka utanom dette budsjettet.

Reiseliv

Den nye reiselivsplanen gjeldande frå 2010 – 2025 vart vedteken i fylkestinget i juni 2010, og er retningsgjevande for det vidare arbeidet med området. Vi må nytte potensialet som ligg i reiseliv, ikkje minst i skuldersesongane og i vinterhalvåret. Dette gjeld også innan opplevingsnæringar, der mellom anna kulturnæringerne står sentralt. Det er viktig å få fram miljødimensjonen i reiselivssatsinga.

Det er oppretta eit overordna styringsnivå som skal sikre måloppnåing i høve reiselivsplanen, og det er sett i gang tre fylkesdekkande målretta utviklingsprogram; *Aktørprogrammet*, *berekraftprogrammet* og *infrastrukturprogrammet*. Det lagt opp til fire regiondekkande infrastrukturprogram, og ein definerar klare regionar i arbeidet med oppfølginga av reiselivsplanen: *Fjordkysten*, *Nordfjord*, *Sognefjorden* og *Sunnfjord*.

Frå 2012 får styringsgruppa for reiselivsplanen fullmakt til å forvalte ei rammeløyving sett av gjennom dette budsjettet. I tillegg kjem midlar frå Kap. 551, post 61, samt restmidlar frå post 61 i 2011. Styringsgruppa skal rapportere tilbake til hovudutval for plan og næring på bruken av midlar.

Satsing på reiseliv er ein tverrsektoriell innsats. Satsing på reiseliv er lagt under sektordelen til plan og næring, men må sjåast i samanheng med andre infrastrukturtiltak, som samferdsletilbod, reiselivssatsing frå INU-FSF og innsats gjennom andre sektorar på til dømes kulturlandskap og vertskapsrolla. Satsinga må også koordinerast godt med den bedriftsretta satsinga.

Innovasjon Norge vil framleis bidra til ei offensiv satsing på utvikling av produkt, produktkonsept og reisemål, i tillegg til kompetanseutvikling i reiselivsnæringa og



marknadsføring av Fjordane som reisemål. Dette skjer gjennom styringsgruppa for reiselivsplanen samt aktørprogrammet. Koplinga mellom kultur, lokal mat og reiseliv må vidareutviklast i regionen.

Fylkestinget har gjennom vedtak av ny reiselivsplan lagt opp til betydelege ambisjonar på området. Vestlandet og fjordane tapar marknadsandelar i den internasjonale marknaden, det er trong for ein større innsats innan internasjonal marknadsføring. Difor vart det frå 2011 sett av ei årleg rammestyrking til Fjord Norge på 2,6 mill kr for kvart av åra 2011 til og med 2014. I tillegg kjem marknadsføring gjennom til dømes filmsatsing.

Det vert også sett av midlar til reiselivstilbod på Sognefjorden fram til og med 2014. Det vert sett av 1,4 mill kr i 2012, 1 mill kr i 2013 og 0,8 mill kr i 2014. Vi viser elles til tabell med bindingar i kap. 9.4.

Ein større sum, her kalla anna oppfølging av reiselivsplanen skal mellom anna dekke støtte til destinasjonsselskap, statistikk og analyse, reiselivskonferanse og prioriterte prosjekt.

Det vert samla sett av 11,20 mill kr til reiseliv i 2012, fordelt slik:

- Fjord Norge – 4 mill kr
- Reiselivstilbod på Sognefjorden – 1,4 mill kr
- Satsing på film – Fuzz og Western Norway Film Commision – 0,5 mill kr
- Norwegian Center of Expertise – 0,35 mill kr
- Adm. styringsgruppa for reiselivsplanen og infrastrukturprogrammet 0,2 mill kr
- Styringsgruppa for reiselivsplanen – 4,75 mill kr

Midlane må sjåast i samanheng med mellom anna midlar frå post 61. Der det vert sett av 5 mill. kr. for kvart av åra 2012-2013, samt restmidlar frå 2011. Desse midlane skal forvaltas av styringsgruppa for reiselivsplanen.

Mat, marin næringsutvikling og landbruk

Frå og med 2011 blei satsingsområde havbruk og fiskeri omorganisert i høve til tidlegare år. Ein har lagt vekt på å spisse ressursane mot to hovudprogram: eitt som går på rekruttering til fiskeri- og havbrukssektoren og eitt program som går mot heilskapleg akvakulturforvaltning (AHA). Størst vekt, målt i personressursar og pengar er lagt til AHA.

På grunnlag av inntekter frå tildeling av akvakulturløyve i 2009, er det oppretta eit *Marint Verdiskapingsfond* for Sogn og Fjordane. Fondet er på 11 mill kr. Fondet hadde si første utlysing hausten 2011, og vil primært bli nytta til å bygge opp under målsetjingane i AHA. Fondet skal som hovudregel finansiere større og meir økonomisk krevjande utviklingsprosjekt enn det vi nyttar regionale utviklingsmidlar til. Fondet er berre tekstleg omfatta av dette budsjettet.

Det meste av fylkeskommunen sitt engasjement retta mot fiskerisektoren (med unnatak av rekruttering) vil vere kanalisiert gjennom Innovasjon Norge som har god kompetanse på dette feltet.



Frå starten i 2007 og fram til juni 2011 har Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar vore eit samarbeid mellom dei fire vestlandsfylka i regi av Vestlandsrådet. Frå medio 2011 er dette samarbeidet ikkje lenger vere knytt til Vestlandsrådet, og vestlandsfylka vil vere organiserte i "Vestlandssamarbeidet-Marin sektor" (VestMarin) som fagleg famnar breiare enn nye marine artar.

Det vert sett av til saman 1,95 mill kr til marin næringsutvikling, fordelt med 1,15 mill kr til programsatsing innan marint, og 0,8 mill kr til vestlandssamarbeid.

Fylkeskommunen sin innsats innan landbruk dreiar seg om å påverke den sentrale landbrukspolitikken til beste for landbruket i fylket og arbeide med rekruttering, likestilling og kompetanseheving innan landbruket. Naturbruksskulane våre vil vere sentrale i dette arbeidet. Samspelet mellom utmarksnæringar, eit aktivt landbruk og reiseliv vil vere viktig å utnytte. Gjennom dette vil vi legge til rette for utvikling og omstilling og følgje opp dei måla vi har sett oss i fylkesdelplan for landbruk frå 2002.

Det vert sett av 1,60 mill kr utanom dette budsjettet som skal gå til tiltak for å auke rekrutteringa til landbruket, auke kompetansen i næringa og arbeide for betra likestilling. Midlane kjem frå Landbruks- og matdepartementet. Det vert i tillegg sett av 0,30 mill kr til næringsretta tiltak innan landbruk.

Det vert samla sett av 2,25 mill kr innan området mat, marin næringsutvikling og landbruk, fordelt slik:

- Programarbeid marine næringar – 1,15 mill kr
- Vestlandssamarbeid marint – 0,80 mill kr
- Næringsretta tiltak innan landbruk – 0,30 mill kr

Næringsretta energisatsing

I desember 2009 vedtok Fylkestinget "Strategi for satsinga på fornybar energi". Hovudmålet i strategien er: *Å sikre at fornybar energi vert eit område med sterk auke i verdiskapinga og mange lønsame arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.*

I strategien er det lagt opp til desse hovudprioriteringane:

- utvikling av FoU-senter innan fornybar energi
- etablere møteplass / mobiliseringsarena for fornybar energi
- utvikle leverandørindustrien innan fornybar energi
- prioritere vindkraft og vasskraft / småkraft

Når det gjeld overståande punkt må finansiering av FoU-senter vert dette vurdert etterkvart som det vert utgreidd. Målet er å få til ein søknad om Arenastatus for eit prosjekt med arbeidstittel "Energiregion Sogn og Fjordane. Utvikling av leverandørindustrien må ivaretakast gjennom føringar for Innovasjon Norge og vurderast nærmare som føring for INU-FSF.



Som dei siste åra vert det førebels sett av kr. 500 000 til Vindkraftforum. Det vert også løyvd betydelege midlar til Vindkraftforum gjennom INU-FSF.

Det er svært mange initiativ innan temaområdet fornybar energi. Fylkeskommunen bør sette av midlar til å finansiere gode initiativ som kjem opp. INU-FSF også prioritere fornybar energi som eit satsingsområde, og det er viktig å samkøyre satsingane innan temaet godt for å få best mogleg resultat.

Det vert lagt til grunn ei løyving på 1,5 mill kr til utvikling av næringsmoglegheiter innan fornybar energi i 2011. 500 000 kr er sett av til Vindkraftforum. Overskytande er sett av til å gripe mogleheitene når gode prosjekt dukkar opp.

Industri

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge/IN som operatør for dei bedriftsretta virkemidla, og store deler av denne innsatsen rettar seg inn mot oppfølging av handlingsplanen innan området industri.

Fylkesplanen sin handlingsdel dreg m.a. fram følgjande tiltak som bør ha fokus:

- stimulere til leiarutvikling
- stimulere til satsing på design
- stimulere til auka eksport
- FoU-midlar til utvikling av anortositt og rutilressursar
- kopling mellom mineralressursar og naturgass ved utvikling av prosessindustri
- legge til rette for eksport av knust stein (pukk) og naturstein

I 2012 bør ein prioritere oppfølging av arbeid som er sett i gang, ikkje minst det langsigke olje/gassarbeidet(m.a. i regi av Petroleumsrådet). Vidare bør ein gje høg prioritet til tiltak innan design, leiarutvikling og eksport som no vert dekt innan rammeløyvinga til IN. Vi har store utfordringar i å nå fram i ein større marknad. For å lukkast må vi ha produkt som er overbevisande gode globalt. Sterk satsing på industridesign og innovasjonar vert viktige verkemiddel framover.

I arealplansamanheng er det viktig at kommunane legg til rette for lokalt og regionalt bærekraftig tilpassa industri- og næringsareal. Fylkeskommunen som planrettleiar skal kunne rådgje kommunane i alt planarbeid. Vi viser elles til fylkesdelplan for arealbruk.

Fylkeskommunen bør også i det vidare engasjere seg i arbeidet med å legge til rette for industriutvikling, t.d. på Lutelandet og i Sløvåg. Det er også viktig å ha fokus på større industrietableringar. Vi ser at det kan vere aktuelt med knoppsytingsaktivitetar knytt til eventuell rutilutvinning frå Engebøfjellet i Naustdal. Dersom det vert utvinning i Engebøfjellet må fylkeskommunen vere budd på å gå inn med 15 mill kr til inkubatoraktivitet.

I tillegg til den langsiktige satsinga bør fylkeskommunen også ha armslag for å handle kjapt når høvet måtte by seg. Omstillingsarbeidet vil og vere tent med slikt armslag.



Det vert sett av 0,9 mill kr til Industrisatsing. Dette skal gå til gode industriprosjekt, samt armslag til å handle for å legge til rette for større industrietableringer.

Breiband

Målet er at alle innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til breiband. Dette målet er no svært nær å vera nådd, fordi vel 98% av innbyggjarane har tilgang på breiband etter minimumsstandarden. No må det setjast fokus på breiband med endå betre kapasitet, då dette er eit krav både frå hushaldningar og næringsliv. Breibandforum utarbeider for kvar søknadsrunde retningsliner for korleis midlane best kan nyttast. Retningslinene og prioritering av søknadene vert endeleg godkjent av hovudutval for plan og næring. Fylkeskommunen vil framleis ha eit sterkt fokus på brebandsutbygging. Midlane til satsing på breiband kjem over Statsbudsjettet kap. 551, post 61 og er ikkje omfatta av dette budsjettet.

Tenesteområde 4203 - kommuneretta næringsarbeid

Tenesteområde 4203	R 2010	B 2011	Bud 12	B 2013	B 2014	B 2015
Omstilling	9,000	9,000	9,000	9,000	9,000	9,000
Kommunale næringsfond	18,500	18,500	18,500	18,500	18,500	18,500
Prosjekt kommunal næringsutvikling*	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Anna kommuneretta arbeid	0,030	0,030	0,030	0,030	0,030	0,030
Entreprenørskap	1,800	1,800	1,800	1,800	1,800	1,800
Sum	29,430	29,430	29,430	29,430	29,430	29,430

* I tillegg sett av XX. kr. løyvd av HPN i 2011. **Avheng av løyving hausten 2011.**

Omstilling

Askvoll har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune ut 2012. Kommunane Vågsøy, Hyllestad og Høyanger har omstillingsstatus ut 2011. Vågsøy og Høyanger er inne i sitt siste omtillingsår. Hyllestad har ved utgangen av 2011 gjennomført sine 2 første av i alt 6 moglege omtillingsår. Stryn har fått tilskot til eit toårig prosjekt for å styrke næringsarbeidet i kommunen.

Erfaringane frå dei siste åra viser ei positiv utvikling, med gode resultat i omstillingskommunane og færre kommunar som treng ekstraordinær hjelp. Verktya og prosessande som vert brukte i omstillingskommunane er gode, og vi ynskjer også å kunne nytte dei i kommunar som ikkje kvalifiserer til omstillingstatus, men som kunne trenge ein ekstra innsats for å snu ein negativ trend. Ny vurdering av omstillingsstatus og løyving skjer tidleg i 2012.

Løyvinga til omstilling er eit skjønnstilskot gjennom Statsbudsjettet. Det vart i 2011 sett av 9 mill kr til omstilling, noko som samsvarer med løyvinga over statsbudsjettet.



For 2012 er det løyvd **xx** mill kr frå KRD, noko som samsvarar med avsett sum i dette budsjettet. Det er viktig at også Innovasjon Norge støttar opp om omstillingsarbeidet. *Skal oppdatertast når Statsbudsjettet er klart.*

Det vert sett av **9¹** mill kr til omstillingsarbeid i 2011. Dette samsvarar med skjønnstilskot over statsbudsjettet.

Kommunale næringsfond

Skjønnstilskotet til kommunale næringsfond har auka dei siste åra. Kommunal- og regionaldepartementet har i tildelingsbrev til fylkeskommunane sagt at denne auken skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Departementet seier også at fylkeskommunane har eit stort ansvar og rolle i dette arbeidet. Kommunal næringsutvikling er såleis ei sentral satsing både nasjonalt og regionalt.

Det er forventningar om å framleis ha ei tydeleg satsing gjennom kommunale næringsfond. Hausten 2011 vert ordninga med kommunale næringsfond evaluert, og det vert nye retningsliner gjeldande frå 2012. Fordeling av rammeløyvinga til kommunale næringsfond vert gjort i mars 2012 på bakgrunn av nye retningsliner og rapport frå kommunane. I arbeidet med nye retningsliner vil vi mellom anna sjå ein auke i stimuleringstilskot for kommunar som handsamar sine fond felles, og vurdere ordningar for fylkesoverskridande fond. Styrking av bu- og arbeidsmarknadsregionar bør ha fokus også innan kommunale næringsfond. Kommunale næringsfond er eit skjønnstilskot frå Kommunal- og regionaldepartementet. I 2011 var denne løyvinga på 18,50 mill kr, i 2012 er løyvinga på **xx**.

Det vert sett av **18,50²** mill kr til kommunale næringsfond i 2012.

Prosjekt communal næringsutvikling

Som skissert under kommunale næringsfond er communal næringsutvikling ei sentral satsing framover. Det er viktig at vi føl opp auka løyvingar med auka krav til bruk av midlane, men og med meir opplæring og nettverkstilbod. Vi ynskjer å bidra til å setje kommunane betre i stand til å møte grunderar på ei god måte, og til å nytte midlane godt og målretta.

Vi vil saman med Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane stimulere kommunane til å bli betre til å arbeide med næringsutvikling. Dette må skje i tett samkøyring med anna arbeid opp mot kommunane (LUK, planstrategi osv). Vi må sikre oss at kommunane blir betre både til å planlegge – og gjennomføre. Kommunane må ha tilgang til, og kunnskap om eigna verkty og arbeidsmåtar.

Vi sette frå 2011 i gang eit program i lag med IN, fylkesmannen og kommunane der hovudsatsingsområda er:

¹ Det vert teke utgangspunkt i skjønnstilskotet frå 2011, og korrigert for eventuelt auka løyving gjennom Statsbudsjettet for 2012.

² Det teke utgangspunkt i skjønnstilskot frå 2012, og korrigert for eventuelt auka løyving gjennom Statsbudsjettet for 2012.



- Organisering
- Kompetanse og verkty
- Kommunikasjon (inkl. www.driftig.no)

Hovudfokus er at kommunane skal møte gründeren på ein god måte, og nytte dei verktya dei har på ein best mogleg måte. Kunnskapsheving står sentralt.

Vi treng å setje av midlar til tiltak og arbeidskapasitet. Gjennom dette budsjettet vert det sett av 0,1 mill kr. HPN har også løyvd **xx** mill kr i sak hausten 2011.

Anna kommuneretta arbeid

Det vert sett av 0,03 mill kr til gründerpris for ungdom.

Entreprenørskap

Programstyret for entreprenørskap og nyskaping er eitt av tre programstyre som held fram ut den forlenga planperioden.

Oppgåvane til programstyret er no konsentrert om kompetanseutvikling knytt til entreprenørskap i skulen. Ei satsing for programstyret er også “samhandling for dei driftige”. Programstyret kan også kome med innspel til anna entreprenørskapsarbeid, og arbeid med kommunal næringsutvikling, men skal ikkje ha ei operativ rolle.

Løyvinga til programstyret vert redusert noko frå tidlegare å og det vert sett av 0,9 mill kr i 2012.

Det vert frå 2012 inngått ein langsiktig avtale med Ungt Entreprenørskap. Gjennom avtalen for 2012-2014 vert det lagt opp til ei årleg løyving til UE på 0,9 mill kr. Dette er ei styring av det viktige arbeidet som UE gjer.

Tenesteområde 4204 – FoU og Innovasjon

Tenesteområde 4204	R 2010	B 2011	Bud 12	B 2013	B 2014	B 2015
VRI		1,600	1,600	1,600	1,600	1,600
Utviklingsavtale		2,350	2,800	2,800	2,800	2,800
Sum	2,700	3,950	4,400	4,400	4,400	4,400

Auken frå 2011 til 2012 skuldast ein feil i budsjettarbeidet for 2011, der det ikkje blei sett rett sum på utviklingsavtalen.

VRI og utviklingsavtale

Det er viktig å styrke FOU som del av innovasjonsaktiviteten for fornying innan næringslivet og for etablering av framtidas arbeidsplassar. Dette vil krevje ei tettare samhandling mellom virkemiddelapparat, forskingsmiljø og næringsliv. Næringsretta FoU er handsama av fylkestinget i sak 34/10 (Forsking og utvikling 2011 – 2014). Viktige verkemiddel for fylkeskommunen er:



- VRI (Verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon). Dette skal fremje bruken av FoU i bedriftene. Vil synleggjere prosjekt som kan vere aktuelle for regionale forskingsfond.
- Regionalt forskingsfond for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane
- Utviklingsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane

For åra 2011-2013 har fylkeskommunen i FT-sak 34/10 forplikta seg til slik økonomisk medverknad:

	Periode	Årleg finansiering frå fylkeskommunen
VRI – hovudprosjektet (samhandlingsaktivitetane)	2011 - 2013	600 000
VRI- innovasjonsforskning	2011 - 2013	1 000 000
Utviklingsavtale	2011 - 2014	2 800 000
Sum (årleg 2011 – 2013)		4 400 000

Fylkeskommunen formulerer føringer for Innovasjon Norge som sikrar finansiering av dei bedriftsretta tiltaka (i hovudsak gjennom VRI). Søknader til INU-FSF på fagområdet må legge den fylkeskommunale FoU-strategien til grunn.

I sum ventar fylkeskommunen at finansieringa som vert gjort tilgjengeleg i denne saka skal styrke aktørar i fylket som søkerar inn mot det regionale forskingsfondet for Vestlandet og i høve forskingsfinansiering gjennom Norges Forskningsråd. Forskingsfondet er fylkeskommunen sitt verkty og det vert ikkje øyremerka midlar til å støtte prosjekt som får tilskot gjennom forskingsfondet.

Det vert sett av til saman 1,6 mill kr til VRI. Det vert også sett av 2,80 mill kr til Utviklingsavtale.

Tenesteområde 4205 - Andre tilretteleggande tiltak

Tenesteområde 4205	R 2010	B 2011	Bud 12	B 2013	B 2014	B 2015
Kunnskapsintensiv verksemd	3,000	3,000	3,000	2,400	2,400	
Større bindingar	1,000	1,000	1,000			
Andre område	2,175	1,975	1,975	1,975	1,975	
Sum	14,115	6,175	5,975	5,975	4,375	4,375

Skilnaden mellom 2010 og 2011 skuldast endra budsjettering og ei rekke større bindingar som gjekk ut. Reduksjonen innan kunnskapsintensiv verksemd skuldast at ei løyving til VAKN går ut.

Kunnskapsintensiv verksemd

Vi må styrke fokus på kunnskapsintensiv og kreativ verksemd, uavhengig av bransje. Som ein del av dette må ein legge til rette for fleire solide teknologimiljø. Dette gjev eit betre grunnlag for å omsetje kunnskapen i produksjon og arbeidsplassar. Arbeidsplassar innan



kunnskapsintensiv verksemd og kreative næringar er ikkje minst viktig med tanke på at unge menneske med god utdanning skal satse ei framtid i fylket.

Fylkeskommunen sin kulturstrategi løftar fram kulturnæringane og kulturbasert næringsutvikling som viktige satsingar framover. Ynskje er å auke kunnskapen om kultur som næring, og etablere 100 nye arbeidsplassar innan kulturnæringane i planperioden. Det er då viktig med grunnlaget som kultursektoren jobbar med, som til dømes møteplassar og eit breitt kulturtilbod. Men for å lukkast med næringsutvikling og etablering av arbeidsplassar må satsinga fokusere på robustheit, lønsemrd og sysselsetting i eigen regi. Utgangspunktet må vere forretningsidear med økonomisk potensiale. Dette kan best takast i vare av Innovasjon Norge sitt FRAM-program og ikkje minst oppfølging og samarbeidstiltak mellom dei som har vist god måloppnåing gjennom dette programmet.

Eit tilretteleggande prosjekt som kan bli viktig både for utvikling av kulturnæringane og som eit godt omdømeprosjekt er VAKN (Vårt Akademi for Kultur og Næring).

VAKN har etter vedtak i Budsjett2011 / Økonomiplan 2011-2014 fått 0,6 mill kr til for kvart av åra 2011, 2012 og 2013. Sjå tabell med bindingar i kap. 9.4

Næringshagar og inkubatorar er viktige som næringsmiljø for kreative og kunnskapsintensive næringar. Det vert starta opp eit nytt næringshageprogram i 2011, og nytt inkubatorprogram er venta i 2012. Mykje er enno uklart både med omsyn til trond for midlar, organisering og geografisk plassering av inkubatorar og næringshagar. Vi føreset tettare samarbeid med SIVA når det gjeld dette. Samstundes ynskjer vi ei klårare grensedraging mellom bedriftsrådgjeving, og tilbod gjennom SIVA sin innovasjonstruktur.

Vi set førebels av 2,40 mill kr til eigendelar til samarbeid med SIVA som vedkjem kunnskapsparken, næringshagar og inkubatorsatsing. INU nyttar også midlar til mellom anna inkubatorsatsing.

Vi vil be Innovasjon Norge prioritere finansiering av kompetanseintensive og tenesteytande næringar.

Bindingar

Det vert sett av 1 mill kr til forskotering av renter knytt til Naustbukttunnelen, jf. FT vedtak 75/09.

Andre område

Det vert sett av 1,975 mill kr under dette område, fordelt slik:

Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland	0,200
IT-forum (Sjå tabell med bindingar i kap. 5)	0,500
Administrasjon nye Innovasjonsforum	0,050
Kontingentar (heile sektoren)	0,150
Oppfølgingsarbeid i samband med satsingar (heile sektoren)	0,050
Møte og reisekostnader programstyrta	0,050
Tenestekjøp m.m.(heile sektoren)	0,275



Gjennomføringskostnader (KRD-midlar)	0,200
Kostnader knytt til utadretta verksemd knytt til satsingar (NA 100 000 kr., PSA 50 000 kr.)	0,150
Evaluering og resultatvurdering/prosjekt gjennomføringsevne	0,050
Administrativ fullmakt fylkesdirektør for næring	0,300
SUM	1,975

9.3.1 Programområde 45 – Plan og samfunnsutvikling

Tenesteområde 4501 – Planlegging, stadutvikling og fornying

Tenesteområde 4501	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Regionale planar*	0,500	0,500	0,250	0,250	0,250	0,250
Stadforming og tettstadutvikling	5,200	4,900	5,200	5,200	5,200	5,200
Strandsoneplanlegging	0,300	0,300	0,300	0,300	0,300	0,300
Tilskot til bygdeutvikling	0,400	0,400	0,400	0,400	0,400	0,400
Fylkesplanprogram fornying off. sektor	2,800	2,400	2,500	2,500	2,500	2,500
Regionvise utviklingsprogram	2,200	2,200	2,200	2,200	2,200	2,200
Iderike bygder	0,030	0,030	0,030	0,030	0,030	0,030
Bulyst**	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
GIS	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Sum	11,430	10,730	10,880	10,880	10,880	10,880

*Fylkeskommunen har i tillegg fått 1 mill.kr. til LUK

** Finansierast av konkurransemidlane

Regionale planar

Avsette midlar skal nyttast i arbeidet med regional planstrategi. Behov for utgreiingar og regionale planar vil bli avklart under arbeidet med den regionale planstrategien. Dette må vi ta høgde for i budsjettet for 2012 og vidare i planperioden

Ny regional planstrategi:

Ny plan og bygningslov blei sett i verk 1. juli 2009. I plandelen av lova slår ein i § 7.1 fast at det skal utarbeidast ein regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode og seinast innan eitt år etter konstituering. Strategien skal utarbeidast i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar.

Lokal samfunnsutvikling (LUK):

Regjeringa har vedteke ei satsing for å styrke kommunane sitt arbeid med å bygga attraktive lokalsamfunn. Målet er betre kompetanse og kapasitet til kontinuerleg å driva utviklingsarbeid i kommunane. Det skal skje gjennom å utvikla eit tettare samarbeid både mellom fylke og kommunar. Fylkeskommunane si rolle som samordnar, aktiv rådgjevar og støttespelar overfor kommunar skal styrkast.

Fylkeskommunen fikk i 2010 1 mill kr til LUK arbeidet, og i 2011 fikk Fylkeskommunen 1,3 mill kr. I søknaden om å få vere med i satsinga la ein vekt på:



- At arbeidet måtte integrerast i det øvrige plan- og utviklingsarbeidet i fylkeskommunen og kommunane og ikkje framstå som ”prosjektmakeri”.
- At vi gjennom arbeidet skulle betre samordninga mot kommunane internt i fylkeskommunen
- At LUK måtet forankrast i overordna planar
- At vi fekk til betre samordning på fylkesnivå

LUK-satsinga i kommunane vert følt opp ved å legge ein større innsats frå fylkeskommunen inn i direkte kontakt med kommunane om plan- og utviklingsarbeidet for å sikre god iverksetting og samordning av ulike utviklingstiltak i kommunane. (plannett, planforum, verktøykasse og avtalebasert oppfølging av kommuneplan eller interkommunal plan)

Alle kommunane skal også innan utgangen av 2012 ha utarbeidd ein kommunal planstrategi. Det er viktig at kommunane nyttar denne strategien som det sentrale verktøyet for lokal samfunnsutvikling. Alt planarbeid må ha som mål å sikre god iverksetting og samordning av ulike utviklingstiltak i kommunane.

At ny planstrategi og LUK – satsinga kjem om lag på same tid, vil gjere det mogleg å samkøyre arbeidet innan lokal samfunnsutvikling. Utarbeiding av ny planstrategi vil vere ein unik moglegheit til å forankre LUK-satsinga i kommunane ved å legge ein større innsats frå fylkeskommunen inn i direkte kontakt med kommunane om plan- og utviklingsarbeidet.

Det vert sett av 0,5 mill kr til arbeid med regionale planar.

Stadforming og tettstadutvikling

Fylkesplanen legg til grunn at attraktive og miljøvennlege tettstadar er viktig for identitet, trivsel, bulyst og virke. Fylkeskommunen vil vidareføre tilskotsordninga og fagleg bistand til kommunane i 2012. Tiltak som kan få støtte er utarbeiding av stadianalyse og opparbeiding av gode og attraktive møteplassar, som torg, parkar og allmenningstrukturar for ålmenta. Tettstadprosjekt skal vera forankra i stadianalyse og ha universell utforming. For 2012 vil vi sjå på innrettinga av tilskota for å vurdere sterkare kopling til tiltak knytt til oppfølging av andre planar som til dømes bibliotekplan, som har til hensikt å styrke tettstadutvikling og sosial møteplassar. På grunn av innsparingskrav har ein valt å redusera løyvinga i 2012 med 300.000kr.

Det vert sett av 4,90 mill kr til tettstadutvikling.

Strandsoneplanlegging

Tilskot til utarbeiding av strandsoneanalyser for betre forvaltning og bruk av strandsona. Budsjettettrauma er vidareført på same nivå som i 2010. På grunn av endringar i Plan- og bygningslova og krav til bygging i strandsona, vil Fylkeskommunen oppmode kommunane om å gjennomføre strandsoneanalyse i 2013, med tanke på å avvikle ordninga frå 2014.

Det vert sett av 0,30 mill kr til strandsoneplanlegging.



Bygdeutvikling

Bygdeutviklingsprogrammet er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannens landbruksavdeling, Sogn og Fjordane bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, og deltakande kommunar

Programmet har gått sidan 1992 og 28 ulike bygder vore med i programmet. Det er opptak av 2 nye bygder kvart år, og bygdene deltar i 3 år slik at det til kvar tid er 6 aktive bygder med i programmet. Programmet skal fremje omstilling i bygdene gjennom kompetanseutvikling, samarbeid og erfaringsutveksling med andre lokalsamfunn. Programmet har vore evaluert to gonger; i begge tilfelle med gode tilbakemeldingar om positiv effekt av programmet. I høve LUK vil Bygdeutviklingsprogrammet også vurderast opp i mot kommunane sine behov for verktøy i lokalt utviklingarbeid.

Det vert sett av 0,4 mill kr til Bygdeutviklingsprogrammet.

Fylkesplanprogram for fornying av offentleg sektor

Fylket har mange små kommunar, der kvar enkelt kan ha vanskar med å få gjennomført nødvendige utviklingstiltak (ressursar – kompetanse – rekruttering). Eksterne midlar vil ofte vere avgjerande for å få til utviklingstiltak i samarbeid med kommunane.

Kommunane sjølve kjem med positive tilbakemeldingar på måten midlane vert organisert / tildelt på, set krav til prosjektorganisering – rapprotering – gjennomføring – resultat.

Av særlege utfordringar som kommunesektoren står framfor:

- Klima og miljø, arealplanlegging (jf. ny plan- og bygningslov) og heilskaplege styringssystem
- Samhandlingsreforma
- Skuleutvikling
- Barnevern - Fylkesmannen har påpeika at mange kommunar i fylket har utfordringar i barnevernet, og m.a. oppmoda kommunane om å samarbeide for å bli betre på desse tenestene. Det er og ein nasjonal merksemeld om tiltak som kan forbetre tenestene.

Fellesnemnar for desse vil vere kompetanse – rekruttering - økonomi. Dette vil vere område som programstyret prioriterer i tildeling av fornyingsmidlar.

Det vert sett av 2,40 mill kr til programstyret for fylkesplanprogram fornying av offentleg sektor og IKT, som er i samsvar med inngått partnarskap med Fylkesmannen fram til 2012. I langtidsbudsjettet er løyvinga vidareført, utan at det er teke stilling til korleis midlane skal nyttast. Dette vil bli vurdert som del av budsjettprosessen for 2013.

Regionvise utviklingsprogram

2,2 mill kr har årleg vore sett av til regionråda. Desse vert fordelt med 0,55 mill kr til kvart av regionråda.



Regionråda var ved oppstartinga av fylkesplanen tenkt ei sentral rolle i gjennomføringa av planen. Dette har ikkje skjedd slik som påtenkt. Gjeldande ordning med avtalane starta først og fremst ut frå eit politisk ønskje om å styrke regionråda økonomisk. Slik det er i dag har avtalane gitt auka finansiering av ein del regionale tiltak, men har kanskje ikkje gitt eit ekstra løft av samarbeidet unntake finansieringsordninga.

Gjennom arbeid med regional planstrategi er det etablert ein dialog med regionråda, med tanke på å erstatte dagens ordning med meir langsiktige utviklingsavtalar. Avtalane kan vere knytt til oppfølging av vedtekne planstrategiar, enten regionvis, gjennom interkommunalt samarbeid eller med den einskilde kommunen.

Det vert i 2012 oppretthaldt løyving på 2,20 mill kr til regionråda, for å styrka arbeidet med kommunale planstrategiar og interkommunalt samarbeid knytt til desse.

Bulyst

Målet med den nasjonale satsinga på bulyst er å vidareutvikle kunnskap om korleis lokale og regionale utviklingsprosjekt skapar bulyst og attraktive stader. I 2010 fekk VAKN og TUN+ tilskot frå KRD, den regionale finansieringa for desse prosjekta er løyst i heile prosjektperioden. To forprosjekt, Preform og Designland Stryn fekk også støtte i 2010. No har desse to prosjekta, samt tre nye fått tilskot frå KRD.

Det er forventingar om at fylkeskommunen må bidra med finansiering til dei prosjekta som var prioritert i søknadsrunda mot KRD. Dette gjeld prosjekta Preform, Design Stryn og Solund til 1000. To prosjekt la ikkje opp til fylkeskommunal finansiering i søknadsrunden, dette var Huset i bygda og Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremsport. Eit ungdomsprosjekt i Lærdal fekk også støtte, men dette var ikkje prioritert av fylkeskommunen.

I 2012 er skissert søknadssum frå dei tre prioriterte prosjekta 1,7 mill. kr. Alle prosjekta har som plan å halde fram til 2014 og lenger. Sjølv om tildelingssum nok vert noko lågare enn det er søkt om, ligg det her ei betydeleg utfordring inn mot fylkeskommunal eigendel jf. programområde 40.

TUN+ prosjektet er eit bukvalitetsprosjekt med Høgskulen i Sogn og Fjordane som prosjekteigar. Prosjektet gjeld ny bustadsosial forming som er stadstilpassa og særleg eigna utanfor bystrok . Med TUN+ vert det lagt til rette for ei nyskapande buform med overføringsverdi. Modellen skal utviklast i to kommunar i Sogn og Fjordane, Solund i ytre Sogn og Sogndal i indre Sogn. For å styrke fellesskapen skal ein både utvikle sosiale rom, felleshus, samt styrke bruken av lokale grønnehus. Fylkeskommunen deltek i styringsgruppe og referansegruppe, samt med ein finansieringsdel på kr 200.000 (som vert omdisponert frå tidlegare løyving i HPN 21.03.2007.)

Det vert ikkje sett av midlar utover det som er dekt av andre postar.

GIS

GIS står for Geografisk Informasjons System. I fylkeskommunen brukar vi GIS til å framstille kart av ulik detaljegradi. Nokre av karta blir henta rett frå Fylkesatlas og brukt i rapportar og



skriv. I 2011 starta fylkeskommunen med å teste ut meir nøyaktig oppmålingsutstyr, som skal takast i bruk i ordinær tenesteproduksjon i 2012. Program og abonnement til dette

Tenesteområde 4502 – Miljø og ressursforvaltning

Tenesteområde 4502	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Klima		1,500	1,500	1,500	1,500	1,500
LA 21		0,500	0,500	0,500	0,500	0,500
Verdsarv/natur- og kulturparkar		0,900	0,900	0,900	0,900	
Vilt- og fiskeforvaltning*						
Vassforvaltning		0,000	0,300	0,300	0,300	0,300
Sum		2,900	3,200	3,200	3,200	2,300

*Statlege midlar

Klima

Fylkesdelplan for klima og miljø blei vedtatt av fylkestinget i mars 2009. Fylkesdelplan er utforma med ei brei satsing og planarbeidet har vore ein omfattande og inkluderande prosess. Innanfor tenesteområdet klima skal fylkeskommunen utvikla nye metodar og kunnskap i høve klimaendringar og klimatilpassing. Det skal også bli gitt relevant rettleiding og samhandling med kommunane og andre aktørar i oppfølging av Fylkesdelplan for klima og miljø. Målet er at Sogn og Fjordane skal vere best mogleg budd på klimaendringane og ikkje byggje ny sårbarheit inn i samfunnet, samstundes som fylket reduserer sine klimagassutslepp.

Innan budsjettetramma på 1,5 mill kr er følgjande prioritert:

Analysedugnad i høve sårbarheit til klimaendringar:

Analysedugnaden vert organisert som eit eige prosjekt i samarbeid med KS (kommunane), Fylkesmannen, NVE og Vestlandsforsking. Arbeidet vert starta opp hausten 2011 og får også budsjettmessige konsekvensar for 2012.

Det vert sett av 0,50 mill. kr til analysedugnad i høve sårbarheit til klimaendringar.

Kommunesamarbeidet:

Det er oppretta eit klimasamarbeid mellom KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Som del av samarbeidet er det oppretta ei styringsgruppe som særleg har fokus på oppfølging på klimaarbeidet i kommunane. Midlane vil bli disponert av styringsgruppa.

Det vert sett av 0,10 mill. kr til kommunesamarbeid.

Miljøfyrtårnsertifisering av den fylkeskommunale verksemda:

Prosessene med miljøfyrtårnsertifisering av fylkeshuset vart starta opp hausten 2009, og fire sertifiseringar er gjennomført så langt. I perioden fram mot 2014 er det planlagt å miljøfyrtårnsertifisera heile den fylkeskommunale verksemda. Det bør no startas eit større prosjekt der ein kan gjera rammeavtale med miljøfyrtårnkonsulentar. Det er eit mål å gjera



minst 6- 8 sertifiseringar i løp av 2012.

Det vert sett av 0,25 mil. kr til miljøsertifisering av den fylkeskommunale verksemda.

Tilskotsordning for miljøsertifisering bedrifter:

Tilskotsordninga vart oppretta i Hovudutval for plan og næring i november 2010, sak 0081/10, for å stimulere små og mellomstore bedrifter til å bli miljøsertifisert.

Det vert sett av 0,30 mill kr til tilskotsordning for miljøsertifisering av bedrifter.

Utdanning av miljøfyrtårnsertifisør:

Det er eit underskot på miljøfyrtårnsertifisørar i fylket. Fylkeskommunen ynskjer å gje kommunane støtte til utdanning av fleire slike sertifisørar.

Det vert sett av 0,05 mill. kr til utdanning av miljøfyrtårnsertifisør i kommunane.

Klimamatprosjekt:

Det vil bli starta eit prosjekt for å få økologisk mat og mat frå nærmiljøet i kantiner på dei vidaregåande skulane. Som ei vidareføring av prosjektet ynskjer ein å invitera kommunane i fylket til å delta i eit ”klimamatprosjekt” der ein byggjer på erfaringane frå arbeidet med å legge om til økologisk mat og mat frå nærmiljøet i kantinene ved dei vidaregåande skulane.
Det vert sett av 0,10 mill kr til klimamatprosjekt.

Seminar/ kurs:

I 2012 er det det mellom anna planlagt eit seminar med fokus på klimaeffekten av skogbruk, i samarbeid med Fylkesmannen.

Det vert sett av 0,10 mill kr til kurs og seminar.

Haldningsskapande kampanje om klima og miljøarbeid:

Mulig oppretting av ein fylkeskommunal miljøpris. Det vil bli laga ein kortversjon av den rullerte handlingsdelen, for å nå ut brent med informasjon om det regionale klimaarbeidet.

Det vert sett av 0,10 mill kr til haldningsskapande kampanje om klima og miljøarbeid.

Lokal Agenda 21

Lokal agenda 21- midlane – 500 000 kr skal støtte prosjekt som aktivt engasjerer lokalbefolkingar i tiltak for å oppnå berekraftig utvikling. Målgruppa er kommunar og kommunale institusjonar (med særleg vekt på grunnskulen) og lag/organisasjonar. Prosjekt som er knytt opp mot arbeid i skulane og tiltak for barn og unge, i tillegg til prosjekt som kan knytast opp mot fylkesdelplan for klima og miljø vert prioriterte.

Det vert sett av 0,50 mill kr til Lokal Agenda 21 i 2012.

Verdsarv/natur og kulturparkar

”Naturarven som verdiskaper” er eit 5-årig verdiskapingsprogram som skal vare ut 2013. Programmet er initiert av Miljøverndepartementet med føremål å auke verdien av



verneområde og andre naturområde med spesielle kvalitetar. Programmet skal legge til rette for at slike områder ”blir ein viktig ressurs for sosial, kulturell, miljø messig og økonomisk utvikling og gi grunnlag for sysselsetting og verdiskaping basert på naturarven, samtidig som områda vert forvalta slik at naturens mangfald blir teke vare på”.

Det er plukka ut 10 område i heile landet etter ein søknadsrunde. Sogn og Fjordane deltek med tre område. Det er HAFS-kommunane, Luster og Aurland.

I løpet av 2010 vart det søkt om fylkeskommunal medfinansiering i prosjekta. I 2011 er det løyvt 350.000 kr til HAFS-kommunane sitt prosjekt ”Kystarven”. Prosjektet ”Verdiskaping skjer i møtet” i regi av Verdsarvparken Nærøyfjorden fekk 400.000 kr og prosjektet ”Mellom fjell, fjord og folk” frå Luster kommune 150.000,- kr.

Storleiken på søknadane vil ligge om lag på same nivå årleg fram til prosjektslutt ut 2013. I 2012 er det sett av 900.000 kr. som fylkeskommunal del av prosjekta knytt til ”Natur og kulturarven som verdiskapar”.

Vilt- og fiskeforvaltning

Fylkeskommunen administrerer ei statleg ordning med tilskot til viltformål. I 2011 disponerte vi 400.000 kr gjennom ordninga. Det vert lagt til grunn same nivå i budsjettet for 2012. Midlane er bundne til formål definert av MD, i rundskriv for tilskotsordningar.

Fylkeskommunen har også eit ansvar for innlandsfiskeforvalting.

Det vert ikkje sett av midlar utanom det som vert løyvd av Miljøverndepartementet

Vassregion Sogn og Fjordane - Vassdirektivet -Vassforvaltning

Fylkeskommunen er vassregionmyndighet for region Sogn og Fjordane. Regionen er delt inn i fire vassområder. Vassregionmyndigheita har ansvar for å utarbeide ein regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram. Grunnlag til forvaltningsplanen vil verte arbeid fram i vassområda i form av ein tiltaksanalyse frå kvart område. Det er behov for å tilsette prosjektleiarar til å leie prosessen i det einskilde området og å utarbeide/ koordinere arbeidet med tiltaksanalysane. Til drift av vassregion Sogn og Fjordane får fylkeskommunen driftstilskot frå staten v/ Direktoratet for naturforvaltning. For 2011 mottok fylkeskommunen totalt kr 575 000. Av desse midlane var kr 150 000 øyremerka midlar til vassområda. Det er venta at dei statlege midlane vert minst på same nivå for perioden 2012 til 2014.

I arbeidsutvalet for vassregionen vart det tilrådd ei fordeling av kostnadane for vassområdar der fylkeskommunen bidreg med 25 %, fylkesmannen med 25 % og kommunane med 50 %. Hovudsutvalet for plan og næring vedtok 24.05.2011 å støtte etablering av prosjektleiarstillingar for dei fire vassområda i fylket. I samband med budsjettthandsaminga for 2012/økonomiplan 2012-2015 vert det teke stilling til fylkeskommunal medverknad i finansiering av stillingar og anna arbeid i vassområda for perioden 2012-2013 (Saksnr 5069-65, internt l.nr 15181/11, Sak 40/11).

I budsjettet for 2012 er det prioritert inn kr. 300.000 til fylkeskommunal delfinansiering av drifta i vassområda, som saman med ei forventa statleg løyving på kr. 150.000, gir ei ramme for medverknad på totalt 450.000.



Tenesteområde 4503 – Folkehelse og livskvalitet

Tenesteområde 4503	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
4701 Drift av partnarskapen	3,250	3,250	3,250	3,250	3,250	3,250
4702 Program folkehelse og livsutfaldning	1,500	1,500	1,500	1,500	1,500	1,500
4703 Friluftsliv*	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500
4704 Bulyst**	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
4704 Innvandring	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100	0,100
Sum	5,350	5,350	5,350	5,350	5,350	5,350

* Eksklusive statlege midlar på 520 000 kr i tillegg

** Statlege midlar

Drift av partnarskapen - infrastruktur

Det er inngått partnarskapsavtalar om folkehelse med 21 kommunar som får tilskot til delfinansiering av ei stilling som folkehelsekoordinator i minst 50 % med kr. 150.000 kvar. Dette er ei viktig ordning som gjer det muleg for kommunane å ta eit overordna og heilskapleg grep om det tverrsektorielle folkehelsearbeidet sitt, og er spesielt viktig inn mot gjennomføringa av samhandlingsreforma. Fleire kommunar melder at dei ynskjer partnarskap med oss, og målsettinga er at alle kommunane skal delta i partnarskapen i løpet av 2012.

Det er også teikna avtalar med to frivillige organisasjonar; Sogn og Fjordane Røde kors og Nasjonalforeninga for Folkehelse. I løpet av 2012 vil fleire avtalar med frivillige komme på plass, samt avtalar med regionale partar.

Som ledd i oppfølginga av partnarskapen inviterer fylkeskommunen til 3-4 årlege samlingar for folkehelsekoordinatorane for kompetanseheving, informasjons- og erfaringsformidling. Vi driftar også 3 ressursgrupper, 2 fagnettverk, gjennomfører kurs, konferansar og fagsamlingar.

Det er sett av 3,25 mill kr til drift av partnarskapen – infrastruktur.

Helseovervaking

Fylkeskommunane har i Lov om folkehelse (§4) eit ansvar for å ha naudsynt oversikt over befolkninga sin helsetilstand og viktige faktorar som påverkar denne. Sosiale skilnader i helse skal gå fram av datamaterialet. Lova krev at vi gjer datamaterialet tilgjengeleg på måtar som synleggjer samanhengar, og som kan stimulere til plan-, politikk- og tiltaksprosessar i eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Vi må i hovudsak basere oss på data frå eksisterande nasjonale kjelder, og kjøpe tenester til systematisering av data etter ei nærare bestilling.

Av midlane til drift av partnarskapen er det sett av 0,5 mill kr til systematisering av helsedata. (Ungdomsundersøkinga er finansiert av folkehelseprogrammet).

Program Folkehelse og livsutfaldning



Programmet inneholder deler av folkehelsearbeidet som vert gjennomført i samarbeid med den regionale partnarskapen. Regionale og lokale tilpassingar av nasjonale satsingar, prosjekt som er spesifikke for Sogn og Fjordane, utlysing av tilskotsmidlar og kunnskapsutvikling og formidling er innhaldet i programmet. Gjennomføringa skjer i samarbeid med kommunane, regionale instansar og frivillige organisasjonar, og er så langt det er muleg basert på forsking, fakta og helsestatistikk.

Fylkeskommunen set av 1,5 mill kr som fordeler seg slik på tema i handlingsplanen:

Tema	
Rus - Danseverkstader	0,400
Ernæring	0,150
Trygge lokalsamfunn	0,400
Psykisk helse	0,100
Fysisk aktivitet	0,350
Ungdomsundersøking	0,100
SUM	1,500

Fylkeskommunen disponerer tre statlege ordningar på vegne av Helsedirektoratet: 600.000 kr til frivillige lag og organisasjonar til tilrettelagde tilbod om fysisk aktivitet for inaktive, kr. 400.000 til etablering av frisklivssentralar i kommunane og kr. 100.000 til "Fiskespell" for auka bruk av fisk og sunne alternativ i barnehagar, SFO og skular.

Friluftsliv

Fylkeskommunen administrerer ei statleg ordning med tilskot til friluftslivstiltak. I 2011 disponerte vi 570.000 kr gjennom ordninga. Det vert lagt til grunn same nivå i budsjettet for 2012. Midlane er bundne til formål definert av Miljøverndepartementet.

Det er i 2012 lagt inn 500.000 kr til oppfølging av tiltak i Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010 – 2013; etablering av interkommunale friluftsråd og tilskotsordning for å kunne prioritere tilretteleggingstiltak som ikkje vert prioritert gjennom dei statlege ordningane. Gjennom forvaltningsreforma er vi utfordra til å utvikle ein heilsakapleg friluftslivspolitikk.

Innvandring

Fylkeskommunen har pr i dag inga formell rolle når det gjeld busetting av innvandrarar. Vi har også i svært liten grad ein regional politikk på dette området. Innvandring er ein viktig føresetnad for ei positiv folketalsutvikling i fylket vårt.

Kommunal- og regionaldepartementet har varsla eit sterkare fokus på innvandrarar i distriktpolitikken. Inkluderings- og mangfaltsdirektoratet prioriterer regionalt arbeid høgt og vår satsing vil vere i tråd med nasjonale strategiar på området.

Den store auken av innvandrarar til fylket er ei demografisk utfordring, truleg på fleire måtar. Det er behov for meir kunnskap om flyttemønsteret til desse, kva behov som er gjeldande, og kva tiltak fylkeskommunen og kommunane kan vere i posisjon til å sette i verk.



Det vert sett av 0,10 mill kr til å støtte opp under arbeidet med busetjing av innvandrarar.

Tenesteområde 4504 Ungdom

Tenesteområde 4504	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Ungdomstiltak		0,600	0,600	0,600	0,600	0,600
Traineeestillingar		0,900	0,900	0,900	0,900	0,900
Sum		1,500	1,500	1,500	1,500	1,500

Avsette midlar skal m.a. nyttast i arbeidet med å inkludere ungdommane aktivt med å styrke utviklingsarbeidet i fylket vårt, både som samarbeidspartnarar på dei eksisterande tiltaka og initiativtakarar til nye tiltak.

Både for å informere om det arbeidet og dei tilboda som finst i dag, og for å skape engasjement og aktiv medverknad til arbeidet med å snu utflyttingstrenden, må vi møte ungdommane der dei er og skape debatt om kva dei meiner er viktig for å få ungdom tilbake til Sogn og Fjordane. Elevane i dei vidaregåande skulane i fylket må engasjerast for å kome med sine synspunkt og meningar om kva som vil vere viktig for at dei skal bli verande / kome attende til fylket. Det må også vurderast bruk av sosiale media, der ein til dømes oppretter ein blogg der ein både informerer og opnar for innlegg frå ungdommar og andre interesserte. Framtidsfylket tek i stor grad vare på dei eldre ungdommane gjennom sin nettportal og karrieremesser.

Ungdommens fylkesting kan og bør spele ei viktig rolle vidare i arbeidet
Det vert sett av 0,60 mill kr til ungdomstiltak og 0,90 mill kr til traineeestillingar.

Tenesteområde 4505 – Internasjonalt arbeid

Tenesteområde 4505	R 2010	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
4801 Internasjonalt arbeid		0,700	0,460	0,660	0,660	0,660
4802 Coast Alive		0,200	0,200	0,000	0,000	0,000
Sum		0,900	0,660	0,660	0,660	0,660

I 2012 vil 240.000kr som tidligare har vore satt av til Ungdom og opplæring gå ut av internasjonalt budsjett, og flytta over til Opplæringsavdelinga. Der av ny sum under internasjonalt arbeid for 2012.

Coast Alive vil gå som før, men det er diskusjonar i 2011 om å trekke seg ut i frå dette prosjektet om mogleg, og heller nytte pengane til internasjonalt arbeid. Coast Alive vil uansett avsluttast i utgangen av 2012. Frå 2013 vil dei midlane som tidligare har gått til Coast Alive bli flytta til internasjonalt arbeid.



I 2012 vil det bli jobba med å revidere eller lage ein ny internasjonal strategi.

Det internasjonale engasjementet vil i hovudsak vere knytt til desse hovudområda i 2012:

- Styrking av arbeidet med Vest Noregs Brusselkontor (VNB), Nordsjøkommisjonen og Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR)
- Samarbeid og nettverksbygging internt og eksternt
- Utvikling av nye prosjekt

Avsette midlar til internasjonalt arbeid er knytt til koordinering og fellesoppgåver på tvers av organisasjonen. Kostnader knytt til internasjonalt arbeid innafor ulike spesifikke fagområder blir finansiert innafor den enkelte avdelings driftsbudsjett.

I 2012 skal dei internasjonale midlane nyttast til:

- Dekking av medlemskontingentar i internasjonale nettverk og organisasjoner
- Koordinering og oppfylging av internasjonale nettverk og organisasjoner
- Engasjere til politisk deltaking i det internasjonale arbeidet

Grovfordeling av midlane:

Kontingenter (VNB)	0,230
Koordineringsarbeid	0,230
Coast Alive	0,200
Til saman	0,660

9.4 PLANPERIODEN 2012-14

Økonomiske rammer

Ramma endrar seg og i takt med endringane i vedtekne eksterne tilskot, jf dei faste bindingane i neste avsnitt.

Faste bindingar

Det vert i det vidare presentert eit oversyn over faste bindingar innan sektoren. Faste bindingar er vedtak og/eller avtaler som forpliktar fylkeskommunen. Desse bindingane har i regelen kome til gjennom vedtak i FT, eller underliggende organ som FT har gjeve mynde til å gjere vedtak og/eller inngå avtaler. HPN må disponere sine midlar slik at gjevne lovnader vert innfridd og avtaler som er inngått vert holdne.

BINDINGAR						



TILTAK (Alle tal i 1000kr)	2011	2012	2013	2014	2015	MERKNADER
Njøs Hagebrukssenter, jf. kap. 3.2.2	250					Sak 54/06 FT
Fou-satsing, jf. kap. 3.2.4	4400	4400	4400	2800		FT sak 34/10
Forskotering Naustb.tun, jf. kap. 4.2.5	1000	1000	1000			B2008 -FT sak 75/09 – B2010/Øk. Plan.
Pris til iderike bygder	30	30	30			FT sak 75/09 – B2010/Øk. Plan.
Gründerpris ungdom	30	30	30			FT sak 75/09 – B2010/Øk. Plan.
Coast Alive	200	200				FT sak 75/09 – B2010/Øk. Plan.
Sentrumsutvikling i Flora						Sak 22/09 HPN
Auka løyving Fjord Norge. Auke i høve 2010 nivå. Jf. Kap 3.4.2	2 600	2 600	2 600	2 600		B2011/Øk plan
Reiselivstilbod på Sognefjorden. Jf. Kap 3.4.2	1 400	1 400	1 000	800		B2011/Øk plan
Tilleggsløyving regional planstrategi, jf. kap. 4.4.6.	250	250				B2011/Øk plan
Naturarven som Verdiskapar, jf. kap. 4.4.7.	900	900	900			B2011/Øk plan
VAKN jf. kap 4.4.5	600	600	600			B2011/Øk plan
IT-forum jf. kap 4.2.5	500	500	500	500		B2011/Øk plan
Avtale mellom UE og SFFK		900	900	900		B2012/Øk plan /FT XX
NCE	350	350	350			
SUM	12510	8760	7910	4800		

